

UTFYLLANDE REGLAR OM SKRIVEMÅTEN AV NORSKE STADNAMN

(REVISJON 2023)

Desse reglane er ei utfylling til lov om stadnamn og tilhøyrande forskrift, med heimel i § 15 «Utfyllande reglar» i forskrifta.

Føremålet med reglane er å sikre at lov- og forskriftstolkningar blir gjorde forsvarleg og å vise korleis krava i forskrifta kan oppfyllest. Reglane er ikkje uttømmande, og det vil i mange saker vere lokale tilhøve som må vurderast og vektleggjast.

1 Grunnleggjande omgrep

Dei omgrepa som kan trenge forklaring eller kommentar, er kursiverte. Dei blir kommenterte i punkt 1.2–1.9 i den rekkefølga dei opptre i lov- og forskriftssitata nedanfor.

1.1 Aktuelle paragrafar

Dei sentrale passasjane som gjeld skrivemåten av norske stadnamn i *lov om stadnamn* og den gjeldande forskrifta, er desse:

Lova § 1 første ledd:

«Formålet med denne lova er å ta vare på stadnamn som språklege kulturminne, gi dei ei skriftform som er *praktisk*, og som *ikkje skyggjer for meiningsinnhaldet i namnet*, og medverke til kjennskap til og aktiv bruk av namna.»

Lova § 2 bokstav e

«*Nedervd lokal uttale*: uttale som er overlevert frå tidlegare generasjonar, som har vore vanleg på staden, og som framleis er i levande bruk.»

§ 4 første og andre ledd:

«Dersom ikkje anna er fastsett i denne lova, skal det ved fastsetjing av skrivemåten av stadnamn takast utgangspunkt i *den nedervde lokale uttalen*. Skrivemåten skal følgje *gjeldande rettskrivingsprinsipp* for norsk og samisk.

Har skrivemåten vore lenge i bruk og er vel kjend og innarbeidd, kan ein fråvike *gjeldande rettskriving og rettskrivingsprinsipp*.»

Forskrifta § 1:

«Stadnamn som inneheld allment kjende ord eller namneledd, skal skrivast i samsvar med *gjeldande rettskriving*, når ikkje anna følgjer av reglane nedanfor.

Stadnamn som inneheld utdøydd eller uklare språkelement, skal skrivast i samsvar med *gjeldande rettskrivingsprinsipp*.»

§ 3 første ledd:

«Skrivemåten av norske stadnamn skal følgje den *rettskrivingsforma* eller *regionale samleforma* som passar best med *den nedervde lokale uttalen*. *Lokale dialektformer* kan veljast når *særlege grunnar* talar for det.»

1.2 Praktisk skriftform

Ei skriftform som er *praktisk*, må innebere at skriftforma er føreseieleg og følgjer vanlege ortografiske reglar i norsk, slik at brukaren lett kan slutte frå skriftforma til uttalen, og helst òg den motsette vegen. Det står meir om dette under termen *gjeldande rettskrivingsprinsipp* i 1.5 nedanfor.

1.3 Meiningsinnhald og etymologi

Ei skriftform som *ikkje skyggjer for meiningssinnhaldet i namnet*, vil seie at allment kjende ord skal ha ei form som kan kjennast att.

I ein del tilfelle vil det vere vanskeleg å praktisere dette prinsippet med tanke på at svært mange stadnamn er nedervde frå tidlegare språksteg og er vanskelege, ein del gonger umoglege, å tolke også for spesialistar på eldre norsk språk (gammalnorsk, urnordisk). Dette prinsippet gjeld derfor først og fremst namn der det ut frå uttalen og eksisterande eldre skriftformer ikkje kan vere tvil om tolkinga. Forskrifta § 1 tek høgd for dette i avsnittet om stadnamn som inneheld utdøydde eller uklare språkelement. Der eit stadnamn gjennom den nedervde lokale uttalen har fått ei ny tyding som er i strid med etymologien (for eksempel *Røynestad/Røynesdal*), vil ei vurdering avgjere om ein skal basere seg på den eldre eller den moderne tydinga.

I proposisjonen til stadnamnlova (Prop. 65 L (2018–2019) heiter det i merknadene til § 4: «Markering av lang vokal (for eksempel med bruk av dobbel vokal) og bokstavane c, q, w, x, og z skal ikkje godtakast i skrivning av allmennord. Grunnen er hovudsakleg at slike skrivemåtar i stor grad forvanskar meiningssinnhaldet.»

1.4 Nedervd lokal uttale

Nedervd lokal uttale betyr, etter det som står i bokstav e i § 2 i lova, «uttale som er overlevert frå tidlegare generasjonar, som har vore vanleg på staden, og som framleis er i levande bruk». Dette omgrepet står da i motsetnad til nyare uttaleformer. Det er altså snakk om at tradisjonelle lokale uttalevariantar har førerang framfor nyare former som konkurrerer med desse. Ein må merke seg at lova og forskrifta tydeleg markerer at denne nedervde lokale uttalen skal vere eit *utgangspunkt* for skriftforma, han skal ikkje følgjast mekanisk. Det er gjennom dei gjeldande rettskrivingsprinsippa og rettskrivinga for allment kjende ord at den nedervde lokale uttalen skal normerast til ei skriftform.

1.5 Rettskrivingsprinsipp

Gjeldande rettskrivingsprinsipp er eit vidare omgrep enn *gjeldande rettskriving* (sjå 1.6). Norsk, liksom andre språk, har eit sett reglar eller konvensjonar for korleis enkeltlydar og kombinasjonar av enkeltlydar skal skrivast, og korleis unormerte ord skal skrivast i samsvar med (norskskilpassa) uttale. Det er dette vi kallar rettskrivingsprinsipp. I forskrifta § 1 er det snakk om «utdøydde eller uklare språkelement», som skal skrivast i samsvar med etablerte konvensjonar for skriftleg attgjeving av språklydar i norsk. Ein må tolke dette slik at namn med slike element har ei nedervd lokal uttaleform, som skal liggje til grunn for den skrivemåten som blir vald. Men ein må ta høgd for at også i slike tilfelle skal innarbeidde og velkjende namneformer kunne bli ståande.

1.6 Rettskriving

Gjeldande rettskriving er dei offisielt vedtekne rettskrivingane for bokmål og nynorsk. Her må ein merke seg at rettskrivingane endrar seg, siste gong for bokmål i 2005 og for nynorsk i 2012. Ein må tolke lova og forskrifta slik at etablerte stadnamn ikkje automatisk skal endre skrivemåte om det ordet som ligg til grunn for eit namn eller eit namneledd, får ny skrivemåte ved ei rettskrivingsendring.

1.7 Rettskrivingsformer

Ei *rettskrivingsform* er ei skriftform som er i samsvar med den gjeldande offisielle rettskrivinga. I nokon mon kan ein også akseptere eldre rettskrivingsformer i bokmål eller nynorsk etter 1938 som har normeringstradisjon.

1.8 Regionale samleformer

Ei *regional samleform* er ei skriftform som ikkje er i samsvar med offisiell rettskriving, men som likevel har ein skrifttradisjon i namnenormeringa, og som er basert på dialektformer som er i bruk over større område. Dei kan seiast å representere ulike, men nærskylde, lokale uttaleformer, t.d. *støyl*, *staul* og *stul* (rettskrivingsform: *støl*), *stugu* eller *stogo* (rettskrivingsformer: *stua* eller *stova*), *tjenn* eller *tjønn* (rettskrivingsformer: *tjern* eller *tjørn*). Ved å bruke regionale samleformer i stadnamn kan ein fremje meir talemålsnære former enn rettskrivinga gir høve til, utan å opne for ei uoversiktleg mengd lokale dialektformer.

Dei formene i 2–6 nedanfor som kan nyttast utan vilkåret «særlege grunnar», er å rekne som regionale samleformer.

1.9 Lokale dialektformer

Ei *lokal dialektform* er ei dialektform som oftast ikkje har stor regional utbreiing, og som det ikkje er tradisjon for å nytte i namnenormeringa. Lokale dialektformer kan veljast når *særlege grunnar* talar for det, ifølgje forskrifta § 3 første ledd. Ein særleg grunn kan vere at ei slik form allereie er så innarbeidd og vanleg nytta som stadnamn at eit skifte i skriftform vil føre til urimelege ulemper, eller at forma gir spesielle assosiasjonar som innbyggjarane i området ønskjer å ta vare på (eventuelt i motsetning til assosiasjonar som heftar ved alternative former). Sterke lokale ønske om ei viss namneform kan i seg sjølv telje som ein særleg grunn. Men vurderinga av kva som skal reknast som legitime «særlege grunnar», vil nødvendigvis byggje på skjønn, spesielt der det er sterk lokal usemje om slike former. Det er likevel ein føresetnad at dette skjønnnet må vere relativt strengt, og at det vanlege skal vere at stadnamn byggjer på rettskrivingsformer eller regionale samleformer.

Lokale dialektformer kan nyttast meir i førsteleddet enn i sisteleddet i samansette namn (t.d. *Stylfjellet*, men *Fillstølen*). Etter normeringstradisjonen er det vanleg å leggje sterkt avvikande dialektformer nær opp til uttalen dersom slike former skal nyttast (t.d. *fjødd* for *fjell*, *kvæv* for *kvelv*, *høy* for *haug*).

Hovudregelen er altså at ein skal velje den rettskrivingsforma eller den regionale samleforma som passar best med den nedervde lokale uttalen, men når særlege grunnar talar for det (som omtala ovanfor), kan ein velje ei lokal dialektform. Bruk av skrivemåtar som i større eller mindre grad er talemålstilpassa, må ha som føresetnad at dei aktuelle ordformene er nytta i vanleg daglegtale i området som appellativ, adjektiv og så vidare.

Dei formene i 2–6 nedanfor som kan nyttast under vilkåret «særlege grunnar», er rekna som lokale dialektformer. Men òg andre former kan reknast som lokale dialektformer, jamfør punktet 3.10.

2 Kjønn, tal og form

Bruken av grammatisk kjønn, eintals- eller fleirtalsform og bunden eller ubunden form skal som hovudregel rette seg etter den nedervde lokale uttalen i området. Sjå òg punkt 6 om samansette namn.

3 Ordformer

3.1 Diftong/monoftong

I ord der ein i rettskrivinga har val mellom diftong (*stein*, *straum*) og monoftong (*sten*, *strøm*) skal ein som hovudregel følgje dialektuttalen. Der monoftongeringa har gitt eit resultat som ikkje er i samsvar

Språkrådet

med vanleg rettskriving (*stæn* av *stein*, *strô:m* av *straum*), skal ein følgje rettskrivinga og som hovudregel nytte diftong.

3.2 Jamvektsformer

I område med jamvektsformer kan rotvokalen og den trykklette vokalen i andrestavinga skrivast i samsvar med dialektuttalen (*bråtan*, *hagan*, *stugu*). Til dømes vil /hag:an/ og /ha:gan/ kunne skrivast *Hagen* (rettskrivingsform) eller *Hagan* (regional samleform).

3.3 Konsonantsamband

Konsonantsambanda *sl*, *tl*, *ft*, *pt*, *fs*, *ps*, *mb* og *rs* kan skrivast i samsvar med dialektuttalen (*lisle/litle*, *tuft/tupt*, *ufs/ups*, *kamb*, *fors*). Til dømes vil uttalen /tøpt/ kunne skrivast slik: *Tuft* (rettskrivingsform) eller *Tupt* (regional samleform).

3.4 Stemt konsonantuttale

I område med uttalen *b*, *d*, *g* for *p*, *t*, *k* kan *b*, *d*, *g* nyttast (*djub*, *flad*, *vig*). Til dømes vil uttalen /vi:g/ kunne skrivast *Vik* (rettskrivingsform) eller *Vig* (regional samleform).

3.5 Tjukk l

I område med uttalen *tjukk l* av gammalnorsk *rð* skal til vanleg *rd* nyttast. Til dømes skal uttalen /ska:ɾ/ til vanleg skrivast *Skard* (rettskrivingsform), ikkje *Skar* (anna rettskrivingsform), og uttalen /u:ɾ/ skal til vanleg skrivast *Urd* (rettskrivingsform), ikkje *Ur* (anna rettskrivingsform).

Uttalen med *tjukk l* av gammalnorsk *l* skal elles skrivast med *l*.

3.6 Konsonantsambandet rn

I område med uttalen *nn* for *rn* kan skrivemåten *nn* nyttast. Uttalen /kjenn/kjønn/ vil kunne skrivast *Tjern/Tjørn* (rettskrivingsformer) eller *Tjenn/Tjønn* (regionale samleformer).

I område med uttalen *dn* for *rn* kan skrivemåten *dn* nyttast når særlege grunnar talar for det.

3.7 Gammalnorsk hv

I område med uttalen *kv* for gammalnorsk *hv* skal til vanleg *kv* nyttast (*Kvam*, *kvit*).

I område med uttalen *v* for gammalnorsk *hv* skal til vanleg *hv* nyttast (*Hvam*, *hvit*).

I område med uttalen *gv* for gammalnorsk *hv* skal til vanleg *gv* nyttast (*Gvam*, *gvit*).

3.8 Bevaring av trekk frå eldre språksteg

Når dialektar har bevart namneledd med uttale som ligg nær norrøne former, men utanfor gjeldande rettskriving, kan det visast i skrivemåten. Er uttalen /strånn/, kan skrivemåten til dømes vere *strond* (norrøn form *strōnd*) eller *strand* (gjeldande rettskrivingsform). Er uttalen /lid/, kan namneleddet skrivast *lid* (norrøn form (*h*)*lið*) eller *li* (gjeldande rettskrivingsform).

3.9 Moderne ø for gammalnorsk o/ø

Når særlege grunnar talar for det (jamfør 1.9), kan ø for gammalnorsk kort *o* og *ø* brukast i samsvar med uttalen, til dømes *ødde* og *vøll* i staden for *odde* og *voll*.

3.10 Særlege grunnar

Når særlege grunnar talar for det (jamfør 1.9), kan òg lokale dialektformer som ikkje er nemnde ovanfor, nyttast.

3.11 Aksenteikn

Aksenteikn kan nyttast dersom det er ønskjeleg for å tydeleggjere uttalen (t.d. for å indikere /å/-uttale i *Hølevegen*).

4 Bøyingsverk

4.1 Eintalsformer – sterke hokjønnsord

Sterke hokjønnsord kan i bunden form eintal få desse endingane:

4.1.1 -a i samsvar med rettskrivinga.

4.1.2 -i når dialektuttalen er -i eller -ei, eller når det er normeringstradisjon for å nytte -i.

4.1.3 -en i bergensk. Døme: *viken*.

4.1.4 Når særlege grunnar talar for det, kan endingane -e, -o og -å nyttast når dette samsvarar med dialektuttalen. Uttalen /liå/ kan såleis gje skrivemåten *lia* etter rettskrivinga eller *liå* etter dialektuttalen.

4.1.5 Når særlege grunnar talar for det, kan endingane -na, -ne, -ni, eller -no nyttast når dette samsvarar med dialektuttalen. Endar ordet i grunnform på *k* eller *g*, kan likeins -je, -jo eller -jå nyttast når særlege grunnar talar for det, og det samsvarar med dialekten.

4.2 Eintalsformer – svake hokjønnsord

Svake hokjønnsord kan i bunden form eintal få desse endingane:

4.2.1 -a i samsvar med rettskrivinga.

4.2.2 -en i bergensk. Døme: *gaten*.

4.2.3 Når særlege grunnar talar for det, kan endingane -a, -u, -o, -å nyttast i jamvektsord i trøndsk og austlandsk i samsvar med dialektuttalen. Døme: *stova/stua/stugua/stogo/stågå*.

4.2.4 Når særlege grunnar talar for det, kan endingane -o og -å nyttast i samsvar med dialektuttalen. Døme: *holo, holå*.

4.3 Eintalsformer – svake hankjønnsord

Svake hankjønnsord kan i bunden form eintal få desse endingane:

4.3.1 -en i samsvar med rettskrivinga.

4.3.2 Når særlege grunnar talar for det, kan endinga -in nyttast i samsvar med dialektuttalen. Døme: *bakkin, hagin*.

4.4 Fleirtalsformer

I bunden form fleirtal kan endinga få ei eller to stavingar i samsvar med dialektuttalen.

4.4.1 Ein kan nytte desse skrivemåtane:

4.4.1.1 -ane, -ene og -a (rettskrivingsformer) når desse er i tråd med dialektuttalen (t.d. *bakkane, bruene, brekkene, fjella*).

4.4.1.2 -an (regional samleform) eller -ane (rettskrivingsform) når dialektuttalen er -an(e), -ain(e), -æn(e), -æin [o.l.]. Døme: *bakkan(e)*.

4.4.1.3 -en (regional samleform) eller -ene (rettskrivingsform) når dialektuttalen er en(e), eine, -en(a) [o.l.]. Døme: *bruen(e)*.

4.4.1.4 -in(e) (regional samleform) eller -ene (rettskrivingsform) når dialektuttalen er in(e). Døme: *bygdin(e)* jamsides rettskrivingsforma *bygdene*.

4.4.1.5 -un(e) og -on(e) (regionale samleformer) eller -ene (rettskrivingsform) når dialektuttalen er un(e), on(e) og ån(e). Døme: *brekkun(e) / brekkon(e)* og *lykkjun(e) / -lykkjon(e)* jamsides rettskrivingsformene *brekkene* og *lykkjene*.

4.4.1.6 -a i til dømes *bakka* (regional skrivemåte i tråd med dialektuttalen) eller -ene / -ane (rettskrivingsformer).

4.4.2 Inkjekjønnsord som i bunden form fleirtal har samanfall med bunden form eintal av sterke hokjønnsord, kan få same ending som dei. Døme: *fjella, fjelli, fjellå*.

4.4.3 Når særlege grunnar talar for det (jamfør 1.9), kan skrivemåtane -adn(e), -edn(e), -idn(e), -udn(e)- eller -atn, -etn, -itn og -utn nyttast i samsvar med dialektuttalen.

Språkrådet

5 Dativ

Når ei opphavleg dativform av eit namn er eineform, bør dativforma brukast. Det gjeld først og fremst dativ fleirtal, som kan få endinga *-o*, *-om* eller *-um* i samsvar med dialektuttalen.

Døme: *Geilo, Haugom, Sveum*.

6 Samansette namn

Ein skil mellom faste og lause samansetningar. Faste samansetningar skriv ein i eitt ord, t.d. *Storsteinen*, medan lause samansetningar blir skrivne i to eller fleire ord, t.d. *Den store steinen*. Det er dialektuttalen som avgjer om ei samansetning er fast eller laus. Det vanlege i norsk namnelaging er fast samansetning og bunden form. I gate- og vegnamn er det likevel ein viss tradisjon for lause samansetningar, t.d. *Camilla Colletts vei, Henrik Ibsens gate*.

Ein bør nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med det mønsteret for samanbinding som kjem til uttrykk i den munnlege stadnamntradisjonen i området. Døme: *Kristiansandsfjorden, Oslofjorden, Viksfossen, Strandvikfjellet, Vikafjellet, Vikefjell*. Andre døme på aktuelle samansetningar er namneformer med *ja*-fugar (som *Engjabø* og *Øykjaskar*), namn med *ar*-fugar (som *Liarhaug* og *Lagareidet*) og namn med *jar*-fugar (som *Hyljarås* og *Bekkjarvik*). Somtid kan faste samansetningar skrivast med bindestrek, t.d. *Ner-Kalvika*.

6.1 Lause samansetningar

Det er vanleg i norsk ord- og namnelaging at tillegg som *øvre*, *nedre*, *ytre* og *indre* står framom dei namna som dei er knytte til. Ein bør derfor nytte namneformer som *Øvre Moen*, *Nedre Li*, *Ytre Dalen* og *Indre Haug*, ikkje *Moen øvre*, *Moen Øvre*, *Li nedre* og så vidare.

6.2 Samansetningar der føreleddet byggjer på eit namn i bunden form

Mange namn har bunden form, men i tradisjonell namnelaging inngår stammeforma, ikkje den bundne forma, i samansett namn: *Stokkan*, men *Stokkgjerdet*; *Mandalen*, men *Mandalselva*. Dette mønsteret bør som hovudregel følgjast i nylaga namn (t.d. adressenamn og tunnel- og brunamn).